



Norges vassdrags- og energidirektorat

Leikanger 21.06.2018

nve@nve.no

Saksnummer 200708099 Trolleholselva i Høyanger – forlenga konsesjon.

Vi er kjende med at konsesjonen Småkraft fekk til småkraftverk i Trolleholselva har gått ut, og at søkjaren har bedd om å få løyvet utvida i tid.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Turlag vil med dette oppmode NVE om å avslå søknaden om å la Småkraft få lenger tid til å setje utbygginga i gang.

Vi meiner NVE bør handheve den vanlege omrømingstida på fem år strengt. Berre i særlege tilfelle – til dømes ved hendingar som han hindra byggjestart, hendingar som søkjaren ikkje kan noko for – er det rimeleg å etterkomme ein slik søknad. Vi er kjent med at anna ny utbygging vart utsett i påvente av 132 kV-linja frå Østerbø til Stordalen i Hordaland, og at tilsvarende truleg gjeld for Ortnevik. Endeleg konsesjon for linja vart gitt 09.02.2017 og 24.04.2017 viste ei pressemelding at Skanska skulle bygge Østerbø kraftverk for SFE. Dette viser at Småkraft kunne ha gått igang med bygging etter sommaren i 2017, sjølv om nettløysinga ikkje var ferdig utbygt.

Den andre grunnen til vårt standpunkt er at etter konsesjonsvedtaket er det lagt fram opplysningar om funn av fleire raudlista lav som ikkje var kjende då søkjaren fekk sitt løyve. Skoddelav (nær truga), kystkantlav (sterkt truga) veks nær den aktuelle elva. Lenger oppe i lia mot nordvest veks skorpefiltlav (nær truga). NVE har tidlegare fått oversendt rapport frå Arnor Gullanger om desse funna (ny rapport vedlagt). Etter vår oppfatning ville hans funn ha vore tunge grunnar til å avslå konsesjonssøknaden

Etter vår oppfatning er dette igjen eit døme på at dei naturfaglege registreringane som utbyggjarane har levert som ein del av konsesjonssøknaden i mange tilfelle er sterkt mangelfulle. Vi er klar over at NVE ikkje har for vane å endre eller oppheve eit løyve som søkjaren har fått om det kjem nye opplysningar etterpå. Men vi meiner at dei nye funna er ein god grunn til å svare nei på søknaden om å forlenge konsesjonen. Etter dei nye funna bør kravet til gode grunnar for å etterkomme søknaden om forlenga konsesjon, vere større enn om funna ikkje hadde vore ein realitet.

Konklusjon:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og Forum for natur og friluftsliv bed NVE avslå søknaden frå Småkraft om forlenga frist for å setje i gang utbygging av Trolleholselva i Høyanger.

Med helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Erik Solheim, rådgjevar



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle, FNF fylkeskoordinator